

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 23.02.2022

FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering, pkt. 1**
Kvalitetsarbeid i Sjukehusapoteka Vest HF

ARKIVSAK: 2021/782
STYRESAK: 03/22

STYREMØTE: 17.03.2022

Oppsummering

Årsrapport kvalitet 2021 syner etter administrasjonen sin vurdering at føretaket sitt arbeid med leing og kvalitetsforbetring er i tråd med intensjonar i Apotekforskriften og Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring. Funn frå internrevisjonar og leiinga sin gjennomgang kvalitet syner at føretaket kan betre oppfølging av funn frå revisjonar og eksterne tilsyn slik at læring på tvers vert ivaretatt.

Fakta

Årleg melding kvalitet inneheld oppsummering av føretaket sin aktivitet på området kvalitet i 2021, og inkluderer samanstilling og vurderingar som tidlegare er gjort i årsrapport for revisjonar og tilsyn. Det er lagt vekt på å lage eit kortfatta dokument, men med tilvising til meir detaljert dokumentasjon der det ligg føre. Sjukehusapoteka Vest HF (SAV) har plikt til internkontroll etter apoteklova sin § 5.6 og spesialisthelsetenestelova si §2-1 bokstav a fjerde ledd og skal såleis følgje Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten. Årleg melding kvalitet følgjer forskrifta si oppbygging ved å omhandle områda planlegging, gjennomføring, evaluering og korrigering.

Rapporten viser etter administrasjonen sin vurdering at føretaket sitt arbeid med leing og kvalitetsforbetring er i tråd med forskrifta sine intensjonar. Sjølv om det også i 2021 har vore stort behov for prioritering av kapasitet til beredskapsoppgåver blir det jobba kontinuerleg

med planlegging, gjennomføring, evaluering og korrigerende av ulike aktiviteter og tiltak. Verksemda har vore utan kvalitetsleiar delar av året, men aktiviteter på området har likevel blitt følgt opp. Plan for internrevisjonar og føretaket sin plan for utvikling av kompetanse har så langt som mogleg blitt gjennomført. Gjennom 2021 har det blitt jobba med å få på plass ny versjon av verksemdsstyringssystemet SAVvy. Denne blei sett i drift i slutten av august parallelt med innføring av SAP i SHE. Utover hausten blei det jobba med å rette opp feil i løysinga, og samstundes blei SAV oppgradert til same versjon av systemet som resten av Helse Vest (versjon X).

I overgangen til 2022 har SAV og ferdigstilt ny prosess for risikostyring basert på Helse Vest sine felles retningslinjer. Arbeid med implementering av prosessen vil starte i mars 2022.

Kommentarar

Viktige funn frå gjennomgang av kvalitetsområdet i arbeid med årleg melding er at det for kvar eining må prioriterast arbeid med oppfølging og lukking av gjennomførte revisjonar. På føretaksnivå må feilretting på ny versjon av verksemdsstyringssystemet SAVvy prioriterast i samarbeid med regional systemansvarleg og leverandør.

I 2022 vil arbeid med innføring av regionalt rammeverk for risikostyring, regional oppdatering av Cytodose og Synergi, samt arbeid med innføring av SAP på produksjons- og publikumsområdet vere viktig oppgåver som berører kvalitetsområdet.

Vedlegg:

Årsrapport kvalitet for Sjukehusapoteka Vest HF